

# Referat viltforvaltningsmøte

14.02.2024

Samfunnssalen, Etnedal skule, kl. 18.00, ca. 40 stk. deltok.

## Kommunens mål med møtet

Informere om dagens situasjon og legge fram problemstillingar som kommunen må ta stilling til som ansvarlege for vilt-, jord- og skogbruksforvaltninga. Ønsket var å skape dialog og diskusjon, samt legge til rette for erfaringsutveksling.

## Program

- Innleiing – generell informasjon
  - Presentasjonen er delt saman med referatet.
  - Spørsmål?
    - Jaktutøving og fallvilt: Bjørn Erling Sogn  
[bjorn.ering.sogn@etnedal.kommune.no](mailto:bjorn.ering.sogn@etnedal.kommune.no)
    - Skogbruk og beitetakst: Vidar Lone Lysnes  
[vidar.lone.lysnes@etnedal.kommune.no](mailto:vidar.lone.lysnes@etnedal.kommune.no)
    - Jordbruk: Olav Agnar Wold  
[olav.agnar.wold@etnedal.kommune.no](mailto:olav.agnar.wold@etnedal.kommune.no)
    - Hjorteiltregisteret og statistikk: Kari-Elin S. Saglien  
[kari-elin.saglien@etnedal.kommune.no](mailto:kari-elin.saglien@etnedal.kommune.no)
- Elg- og hjortebestanden – tilstand og statistikk
  - Foredrag av Naturdata – basert på Hjorteiltregisteret - Presentasjonen er delt saman med referatet.
  - Fullstendig rapport blir publisert saman med referatet, eller når den er klar.
  - Spørsmål kan rettast direkte til Naturdata: [support@naturdata.no](mailto:support@naturdata.no)
- Beitetaksering
  - Presentasjonen er delt saman med referatet.
  - Historikk og metodikk
  - Konsekvens av for stor beiting på skog

- Konsekvensen av for stor beiting på innmark
  - Presentasjonen er delt saman med referatet.
  - Aktuelle tiltak?

**Referatet er basert på presentasjonane som er lagt ut, og må sjåast i samanheng med desse.**

## Tema som kom opp til diskusjon

- Elgen i Oppland:

Vi fekk tilbakemelding i møtet om at informasjonen om dette prosjektet burde vore betre. Vi er einige i det, og tek det til etterretning.

Elgen i Oppland er eit fleirårig prosjekt der det vart GPS-merka 27 elg i 2020 og 25 i 2021. Ansvarleg for prosjektet er Norsk Institutt for naturforskning(NINA) ved Christer M. Rolandsen.

Målet med prosjektet er å undersøkje elgens trekkmonster og områdebruk, reproduksjon og dødelegheit i Oppland. Samtidig er det gjennomført beitetakseringar, analysar av andre data om elgbestanden (t.d. sett- og skuttdata og slaktevekter) og DNA-analysar av møkk- og vomprøver.

Det er mogleg å følgje dei merka elgane på [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) .

Prosjektet vil blir fullført i løpet av 2024, og det blir publisert ein prosjektrapport. Denne blir tilgjengeleg på kommunens heimeside når den er klar.

[Elgen i Oppland \(nina.no\)](http://nina.no) og [Elgen i Oppland - elgmerkeprosjekt og beiteundersøkelser — Gausdal fjellstyre \(gausdal-fjellstyre.no\)](http://gausdal-fjellstyre.no)


Etnedal kommunestyre vedtok i 2018 å delta i delfinansiering av prosjektet. Samla finansieringsmodell for prosjektet var som følgjer:

<b>Finansieringsplan med aktuelle bidragsytere:</b>	
Kommunene*	960 000*
Rettighetshavere*	297 450*
Rentemidler*	480 000*
Fylkeskommunen	900 000
Miljødirektoratet	600 000
BU midler	1 000 000
Egeninnsats NINA	250 000
Vågå fjellstyre/Langmorkje alm.	100 000
Andre almenninger	50 000
Viken skog SA	100 000
Mjøsen skog SA	100 000
<b>Sum</b>	<b>4 837 450</b>

Samla har Etnedal kommune bidrege med om lag 90000,- til prosjektet.

- **Optimal fellingsprosent:**

Det er ingen rett ut fasit på mest optimal fellingsprosent, men om den ligg på eit nivå mellom 75-85% vil dette antakeleg vere med på å halde bestanden stabil og dersom fellingsprosenten står seg i forhold til talet på jegerdagsverk vil dette indikere at elgbestanden har ein akseptabel storleik. Går fellingsprosenten over 90% over tid, tyder dette på at det er for mykje elg, og under 75% over tid vil kunne tyde på for lite elg. God rapportering av sett elg, kombinert med fellingsdata, er svært viktig for å få ein representativ statistikk og eit godt estimat på bestandsstorleiken.



\*Ny forskrift om minsteareal med 2000 daa per elg fom. 2023. Usikker på utslaget dette gjer på fellings-%.

- **Statistikk på sett og skutt-data, samt slaktevekter er tilgjengeleg i Hjorteviltregisteret.**

Dette er opent for alle:

Her er også fallviltstatistikk tilgjengeleg, samt svar på CWD-prøver (under «Finn dyr»).

- Beiteskade på skog og innmark:

Etnedal har god dokumentasjon på beitetrykk gjennom nesten 20 år med beiterregistrering, og det er brukt same metodikk heile vegen. Beitetrykket på skog kan sjå ut til å vere størst sør og midt i kommunen. Viktige tiltak for å minke beitetrykk på furu er å spare rogn, osp og selje(ROS), då elgen helst beitlar på desse.

Det er mange tilbakemeldingar på beiteskade på innmark og på rundballelager. For rundball er det konkretisert i dei kommunale måla for viltforvaltning at tapet skal begrensast til 50 rundballar per år. Jordbrukskonsulenten anslår at tapet er rundt 500 i året.

Det er vidare vanskeleg å vurdere samanhengen mellom beitetrykk på skog og beiteskade på innmark. Gjengs over er mykje av dei registrerte beiteskadane på høgareliggjande areal på seinsommaren, medan beitetakst blir gjort på skogareal under 650 moh. Skade på rundball om vinteren kan vere lettare å sjå i samanheng med beitetakst, men det er gjort lite arbeid med å kartlegge omfanget av tapet.

Det er mogleg å søkje viltfondet om tilskot til førebyggjande tiltak mot skadar valda av vilt. Men det er begrensa med fondsmidlar per no. Nye retningslinjer for bruk av kommunale viltfondmidlar er under utarbeiding, og vil blir publisert på heimesida til kommunen så snart dei er klare.

Føreslegne tiltak om å mellom anna ta ut «jordeelg» kan vere vanskeleg, då dei gjerne oppheld seg på innmark om natta og i skumringstimane.

- Jakt vs næring:

Ulike roller, gjerne kombinert:

Grunneigar ↔ jord- og/eller skogbrukar ↔ jaktrettighetshavar ↔ jeger

Forvaltning av elgstammen er komplisert, for bestandsplanområda er det store skilnadar både internt og i mellom områda. Det er gjerne ulike interesser som det er vanskeleg å kombinere.

Ramsar her opp eit utdrag av innspela som kom inn under møtet:

- Viktig å hugse på at elgen er ein stor ressurs for grunneigarane i kommunen.
- 15000 daa med dyrka mark i kommunen, dersom dette ikkje er inkludert i teljande areal er det mogleg å få dette med.
- Etter omlegging til bestandsplanområdestruktur er det bestandsplanområda som har ansvaret for elg- og hjorteforvaltninga på vegne av grunneigarane innan for planområdet.
- Bestandsplanområda kan bruke bestandsplanen meir aktivt til å gje tilleggsdyr eller ekstra kvote der det er størst problematikk med beiteskadar. Uttak av skadedyr kan brukast meir aktivt, og det er mogleg å skilje dette frå ordinær jakt.
- Blir problemet stort/større er det mogleg å opprette eit fond som kan brukast til å erstatte skadar valda av vilt, dette må i så fall finansierast med ei ekstra avgift på felte dyr eller tilsvarande.


- Det er mogleg å ta ut meir elg, og truleg vil elgstammen tole litt hardare beskatning. Opning for noko kvoteauke frå og med 2023, då minstearealet er sett ned frå 3000 til 2000daa. Opp til bestandsplanområda å sette opp kvotene, samt bruke 50%-regelen i hjorteviltforskrifta.
  - Erfaring frå Sør-Aurdal: Det har hatt effekt å ta ut «problemdyr», då elgen gjerne er vanedyr. Bestandsplanområda kan bruke planen sin til å ta tak i dette.
  - Det er ein fare for at dei minste grunneigarane blir nedprioritert i forvaltningssamanheng, viktig at grunneigarar blir involvert i bestandsplanrulleringane.
  - Jordskiftesystemet er ein instans som har god kompetanse på dette området. Og kan vere fine å rådføre seg med i sakar der det er vanskeleg å avklare forhold som gjeld grunneigar- og jaktrett.
- Auka jaktengasjement og -intensitet, samt rekruttering:  
Tendens til «forgubbing» i jaktmiljøet, samt færre aktive jegerar (innspel frå salen). I Etnedal er også mange grunneigarar med og jaktar på vegne av sin eigedom i eit jaktfelt/vald. Dette kan føre til lågare jaktengasjement og intensitet på jaktutøvinga. Jaktlaga kan ta tak i dette for å sikre at jaktlaget har ein gunstig alders- og kjønnsfordeling, samt gjere tiltak for å auke engasjementet blant sine jegerar.

Utforming av gode leigeavtalar og fornuftig prissetting er også eit viktig aspekt i samband med jaktengasjement og intensitet. Ulik praksis rundt omkring kan skape skilnadar her, og samkøyring vil kunne gjere samarbeid lettare mellom vald. Eit område kan også delast inn på ulike måtar, både når det gjeld areal og tid. Til dømes har Statskog delt inn i ulike tidsperiodar, der periodane seinare i jakta er rimelegare, og dermed meir tilgjengeleg for dei som ikkje har like god råd til å leige seg jakt.

Jakt handlar ikkje berre som sjølve jaktøkta ute i skogen. Det er mange som legg ned svært mange timar til mellom anna administrasjon og handtering av slakt.

- Utvida jakttid:  
Etnedal kommune innførte utvida jakttid i 2014. Dette er eit tiltak som gir moglegheit for betre kvoteoppfylling for samtlege jaktområde i kommunen. Kor mange jegerdagverk som førekjem etter 1. november er gjerne noko vêravhengig, slik som i 2023 når det kom mykje snø i slutten av oktober er det krevjande å utøve jakt. Figuren under viser kor mange prosent av totalt antall jegerdagsverk og felt elg som skjer etter 1. november.

Etter tilbakemelding frå dei som var på møtet kan det verke til at behovet for og bruken av utvida jakttid varierer ein del.



Ytterlegare utviding av jakttida er et aktuelt tema, men meiningane er delte.

Espen Nerødegård frå Sør-Aurdal kommune deltok på møtet og kunne dele litt erfaring. Sør-Aurdal(SA) har vore gjennom den problematikken som Etnedal står ovanfor no. I SA er det utvida jakttid på elg og hjort frå 15. august til 31. januar, og elg- og hjortebestandane skal ned pga. fare for spreining av skrantesjuka(CWD). Uttak av større mengde elg ser ikkje ut til å ha hatt særleg negative konsekvensar for elgstammen der, og samanliknar ein SA med Etnedal er det liten grunn til bekymring for at bestanden med elg i Etnedal blir for liten med det første.

Sør-Aurdal har varierende oppslutning rundt særleg jakt før 25. september. Dei aller fleste ynskjer ikkje å starte før i slutten av september. Sjølv om det er lov med jakt frå 15. august treng ein ikkje nytte seg av det, og tilgangen til jakt kan hjelpe til med å ta ut problemdyr i det områda der dette førekjem. Dette kan vere eit konfliktdempande tiltak som gagnar alle.


Når det gjeld eventuell utviding av jakttida tilsvarande Sør-Aurdal er dette noko kommunen må søke om dispensasjon om. Det er generelt svært vanskeleg å få gjennom slike søknadar, men kan vere aktuelt for Etnedal, som nabo til Sør-Aurdal og Nord-Aurdal som er med blant dei utvalde kommunane i kartleggingsprosjektet. Dette er ikkje eit tiltak som kommunen prioriterar å gjere noko med i per no, men det kan vere aktuelt dersom vi får mange tilbakemeldingar om at det er ønskeleg.

- Litt om forvaltning av hjortestammen:

Hjorten er stadig oftare å sjå i Etnedal, men gjerne opptrer gjerne i meir konsentrerte bestandar i visse område i kommunen. Hjortejakta er generelt lågt prioritert av dei fleste, men det er ei auke i jegerdagsverk og felte dyr dei siste åra. Fellingsprosenten er for dei siste 10 år ca. 19% i gjennomsnitt.

At det blir felt meir hjort kan henge saman med ein aukande bestand, men ser ein samanhengen med jegerdagsverk tyder det på aukande engasjement for hjortejakta.

Det er viktig å halde engasjementet oppe og aukande, då hjorten ser ut til å etablere seg stadig fleire stader i kommunen, og dette kan få negativ innverknad på kondisjonen til elgbestanden på sikt, samt at den kan føre til større skader på skogen. Hjorten er også ein ressurs som kan utnyttast i større grad, og som kan bidra til verdiskaping.



Forslag om tidleg jakt på hjort kom opp på møtet, då det er bekymring for at hjorten kan bli eit problem om bestanden blir for stor. Tidlegjakt på hjort kan vere eit førebyggjande tiltak, då hjorten er meir synleg tidlegare på hausten. Når graset visnar ser ein ikkje mykje til hjorten lenger. Ordinær jakt på hjort startar 1. september, kommunen kan ikkje sjå at det er spesielt mykje å hente på å starte tidlegare enn det. Meir engasjement og organisering av hjortejakta vil truleg ha vel så stor effekt.